



Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
21/17247	20/14926	Øystein Svalheim 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		26.03.2021

## Framlegg til lokal forskrift for jakt på hjort i Samnanger kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om jakt på hjort, Samnanger kommune, Vestland.

**Heimel: Fastsett av Samnanger kommunestyre XX.XX.2021 med heimel i lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift 8 januar 2016 nr 123 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.**

§ 1. Det er opna for jakt på hjort i Samnanger kommune i Vestland.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve på hjort er sett til 700 dekar for heile kommunen.

§ 3. Denne forskrifta trer i kraft straks og opphever samstundes det som omhandlar Samnanger kommune i forskrift av 13 juni 2001 nr 648 om jakt etter hjortevilt (elg hjort og rådyr), Sveio, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Modalen, Meland, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nedst i saka

### Faktiske opplysningar:

Det har komme inn høyringsuttalar til framlegget til forskrift om jakt på hjort i Samnanger kommune frå fylkeskommunen og frå tre vald. Eitt av valda ønskjer utsetting, eit vald meiner det ikkje er grunnlag for redusert minsteareal. Fylkeskommunen meiner framlegget om redusert minsteareal er godt førebudd og riktig

Med vennleg helsing

Landbruk



Bjørnafjorden  
landbrukskontor

Bjørnafjorden  
Tysnes  
Samnanger

Øystein Svalheim  
Landbrukssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

Uttale til høyring frå Vestland fylkeskommune

Høyringsinnspel Minsteareal Samnanger

Uttale til høyring frå Austre Samnanger Hjortevald

Uttale til høyring frå Nordre Samnanger hjortevald

Epost

Uttale til høyring frå Burlia hjortevald

Høyring av utkast til lokal forskrift for hjortejakt i Samnanger kommune